



Etter adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

## Høyring av frivillig skogvern i fem område i Hordaland

Etter ønskje frå grunneigarane sender vi ut på høyring verneforslag for fem område for frivillig skogvern i Hordaland.

Vernearbeidet omfattar etablering av naturreservata Steinen og Sæteråsen i Fusøya, Håvikvatnet, og Austefjorden og Blånuten naturreservat i grenseområda mellom Fusøya og Kvinnherad, og Gripakletten naturreservat i Meland.

Områda utgjer totalt om lag 16 200 dekar. I gjeldande kommuneplanar har alle fem områda arealføremålet Landbruk,- natur- friluftsområde (LNFR). Ein god del av arealet i Austefjorden og Blånuten har også føremålet grønstruktur. I tillegg er ein del av areala i Fusøya og Kvinnherad markert med omsynssone «naturmiljø» med bakgrunn i registrerte naturtypar. Håvikvatnet har i tillegg areal som sikringssone for nedslagsfelt for drikkevatn. Gripakletten inngår i nedbørsfelt for Rylandselva som er eit verna vassdrag.

### Berre 2,2 prosent av skogen verna

Det er ei nasjonal målsetjing om redusere tap av naturmangfold, og som eit leidd i dette har regjeringa ei langsigktig målsetjing om at om lag 10 prosent av skogen i Norge skal bli verna. Med berre 2,2 prosent av skogen verna, er vi enno langt unna dette målet i Hordaland.

### Frivillig skogvern

I dei siste åra er det frivillig skogvern som har vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigarane sjølv ønskjer dette. Grunneigarane har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten.

### Kvifor vern av skog?

Artsdatabanken som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfold, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfold i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å ta vare på Vestlandsnaturen for framtida.

### Viktig natur

E-postadresse:

[fmlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmlpost@fylkesmannen.no)

Sikker melding:

[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:

Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

[www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)

Org.nr. 974 760 665



Austefjorden og Blånuten omfattar skogområde i dei svært utilgjengelege områda sør for Geitaknottane naturreservat og vidare vestover på begge sider av Austefjorden. Området er ein del av eit større og relativt urørt skoglandskap, som strekk seg frå fjord til fjell. Området har stor variasjon av natur- og vegetasjonstypar, med vestnorsk regnskog, eldre furuskog, og rikmyr. Arealet er om lag 7 180 dekar.

Steinen vart vurdert som svært verneverdig i samband med verneplan for barskog i 1992, men vart ikkje tatt med i den endelige vernearbeidet då. Området utgjer eit småkupert platå på mellom 300 og 400 meter på mest næringsfattig jord. Skogen er nok også derfor gamal, naturprega og er lite påverka av inngrep. Furuskog dominerer, men i nord er det innslag av vestnorsk regnskog og i sør rik edellauvskog. Arealet er om lag 1 200 dekar.

Gripakletten vart også vurdert i verneplan for barskog i 1992, men kom ikkje heilt opp på grunn av hogst i søndre delar av området. Ny kunnskap har kome til, og i 2014 vart det gjort ny kartlegging i området. Det vart registrert fleire førekomstar av vestnorsk regnskog og fleire trua artar knytt til denne skogtypen som vi har eit særleg forvaltaransvar for. Arealet er om lag 470 dekar.

Forslag om frivillig vern av Sæteråsen omfattar skogområde frå Sæteråsen ved Lygrepollen og område nord for Revurefjellet og vidare nordover til Yddal naturreservat. Føremålet med naturreservatet er å ta vare på ein eldre furuskog representativ for midtre delar av Hordaland. Området har stor variasjon av natur - og vegetasjonstypar med gammal kystfuruskog, gammal lauvskog og bekkekløft. Arealet er om lag 3 737 dekar.

Dei aktuelle skogområda for Håvikvatnet naturreservat ligg på grensa mellom Fusafjord og Kvinnherad kommune. Areala omfattar austlege delar av Håvikvatnet. Også dette området vil vera ein del av eit større skoglandskap, og har stor variasjon av natur- og vegetasjonstypar, med m.a. fleire former for vestnorsk regnskog, eldre furuskog, rik edellauvskog, rikmyr og varmekjær kjeldeskog. Arealet er om lag 2 949 dekar.

### **Innspel til oppstartsmeldingane**

Under har vi trekt fram innspela frå oppstartsmeldingane for områda og gjeve ein kort kommentar til desse.

Landbruksdirektoratet har i brev av 19. februar 2019 og 3. desember 2018 gitt ein generell og felles uttale til alle fem områda. Direktoratet understrekar mellom anna at det må kome tydeleg fram om og korleis det aktuelle verneområdet kan nyttast i landbruksammenheng. Dersom omsynet til landbruksdrift i området ikkje vert ivaretake i utkast til forskift, må dette grunngjekast i høyringsdokumenta.

#### *Fylkesmannen sin kommentar:*

Fylkesmannen meiner dette er godt ivaretake i forslag til verneforskrift, som også er godteke av grunneigarane. Vi har teke utgangspunkt i «standardisert» verneforskrift for skogreservat og opna for beiting og andre aktivitetar som er nødvendig for å ha slik landbruksdrift i områda. Ut over beiting ser vi ikkje for oss at andre former for landbruksdrift er aktuelt i området.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har gitt uttale til verneforsлага for Sæteråsen og Håvikvatnet. NVE skriv at i det er konflikt med kraftlinjer i begge områda ved at linjer enten går gjennom områda eller grensar opp til verneområda. Dei trekk særleg fram forslag til avgrensing av vernegrense forbi kraftlinja som går på eigedom 118/1 og 118/3 i Sæteråsen. NVE meier at



vernegrensa burde ligge utafor ryddesona til kraftlinja.

Vidare påpeikar NVE at Fylkesmannen ikkje har tatt med i verneforskriftas § 7 omtale om oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell under § 4 og nødvendig motorferdsle.

*Fylkesmannen sin kommentar:*

Vi her heilt samd i NVE si vurdering, men ønskjer å ha moglegheit til å utvide det føreslåtte verneområdet vidare vestover om grunneigar ønskjer det. Vi har tatt med ei generell opning for drift, vedlikehald og oppgradering av kraftlina, inkludert heving av spenningsnivå og auke av linetversnittet i forslag til verneforskrift. Såleis meiner vi at dette omsynet fullt ut er tatt med i verneforskrifta. Forslag til vernegrense er no identisk med eigedomsgrensa.

Når det gjeld manglane i verneforskrifta § 7 om oppgradering og fornying av kraftleidningar og motorferdsle i Sæteråsen og Håvikvatnet, er dette ei forgloyming frå vår side som no er retta opp.

Haugaland kraft Nett AS eit 66 kV linjeanlegg som går gjennom Sæteråsen. Dei ønskjer at ryddebeltet til kraftlinja vert opprettheldt og tatt omsyn til i vidare vernearbeid.

*Fylkesmannen sin kommentar:*

Rydding av skog for å drifta kraftlinja er unntatt vernereglane gjennom forskriftas § 4 e. Vi har også lagt til andre unntak som gjeld oppgradering eller fornying av kraftleidningar, og i tillegg høve for å søkje om motorferdsleløyve til desse tiltaka. Såleis meiner vi at innspelet er godt ivaretatt i forskriftena.

Statens kartverk har i brev av 18. februar 2019 oppretta namnesak med bakgrunn i uttale frå Språkrådet (av 28. januar 2019) for Sæteråsen naturreservat. Det er ordinær høyringsfrist på to månader på saka. Språkrådet føreslår i same uttale at Håvikvatnet vert skrive «Håvikvatnet», ettersom det er den nedarva munnlege stadnamnforma. Statens kartverk signaliserer også at det er svært sannsynleg at det er «Håvikvatnet» som vert namnet ein går vidare med.

*Fylkesmannen sin kommentar:*

Fylkesmannen ønskjer å følgja skrivemåten som vert anbefalt for offentleg bruk, og vil derfor nytta Håvikvatnet i vidare ver neprosess. Vidare avventar vi avgjerd i namnesaka for Sæteråsen.

Direktoratet for mineralforvalting (DMF) har gitt uttale til vern av Sæteråsen og Håvikvatnet i to brev dagsett 18. januar 2019, og 26. februar 2019. Dei kommenterer i første uttalen at det manglar kart over områda. Dei har derfor gitt meir generell uttale og skriv at dei etterlyser ei konsekvensutgreiing av kva restriksjonar eit vern i området vil gje for mineralnæringa. I brev av 26. februar 2019 konkluderer dei med at dei ikkje kan sjå at dei foreslår områda påverkar registrerte mineralressursar.

I brev av 7. mars 2019 gav DMF uttale til Steinen, Gripakletten, og Austefjorden og Blånuten der dei i utgangspunktet ikkje kunne sjå at dei foreslår områda ville omfatte registrerte minerealressursar.

*Fylkesmannen sin kommentar:*

Det var ein uttalefrist på 31. desember 2018 på oppstart av vernearbeid for Sæteråsen og Håvikvatnet. Ettersom Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vart slått saman til eitt embete 1. januar 2019, var ikkje nettsaka med kartgrunnlaget tilgjengeleg etter dette. Før det skal både kart i pdf-format og lenke til avgrensing av begge områda i naturbase vere presentert i nettsaka. Dersom det ikkje har vore tilfelle, må det ha skjedd ein teknisk feil etter



publisering av nettsaka. Desse karta vert lagt ut på nettstaden vår på denne høyringa, og alle vil ha høve til å respondere på dette under denne høyringa.

#### Norsk Bergindustri

I uttale av 11. desember 2018 om Sæteråsen og Håvikevatnet viser Norsk Bergindustri til mineralske førekomstar i søndre delar av Fusa og vestre delar av Kvinnherad. Med bakgrunn i påviste geologiske førekomstar i området, anbefaler Norsk Bergindustri at ein vurderer dei næringsmessige konsekvensane av eit eventuelt vernevedtak ettersom eit vern vil umogleggjere utvinning av potensielt viktig mineral i framtida.

I uttale av 13. mars 2019 til områda Austefjorden og Blånuten, Steinen og Gripakletten, skriv Norsk Bergindustri at det ikkje ser ut til å vere mineralske uttak innafor dei forelåtte områda. Dei anmodar elles om at berggrunnen vert undersøkt slik at eit vernevedtak ikkje vil hemma framtidig næringsutvikling i eller i tilknyting til det foreslåtte verneområdet.

#### *Fylkesmannen sin kommentar:*

Vi har forståing for at Norsk Bergindustri ønskjer meir kartlegging og utgreiingar av potensielle mineralførekomstar i Norge, men vi finn det ikkje som rimeleg å greie ut dette som del av verneprosessen. I desse frivillig skogvernsakene, er det verken er påvist drivverdige mineralførekomstar eller aktuelle areal som er avsett til dette føremålet i kommuneplan.

#### Dag Kyrre Lygre

Dag Kyrre og Veronica Lygre driv gard inst i Lygropollen. Det er det einaste fulltids gardsbruket som nyttar viktige beiteressursar i utmarka i føreslegne verneareala. I desse verneprosessane gjeld dette særleg areala mellom Skjelevik og Austefjorden, og Sæteråsen. Lygre driv geitehald og er avhengige av føreseielege rammer kring gardsdrifta. Dei opplever å ha ein god kommunikasjon med Fylkesmannen i dag, men dette kan endra seg med nye sakshandsamarar eller endra forvaltingsregime, og det er derfor viktig for dei å ha noko skriftleg som anerkjenner deira bruk av utmarka.

Dei ønskjer forklaring frå Fylkesmannen på kva som er meint med «naturleg» i føremålet i verneforskrifta. «*Det er eit føremål å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfoldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.*» Og korleis dette skal tolkast i forhold til § 4 bokstav d). Beiting vil kunna prega vegetasjonen, og vil då vere annleis enn natur som får utvikle seg utan beitedyr: «*Beiting med beitedyr som har tradisjon i området og som ikkje er til påviseleg skade for det biologiske mangfoldet*»

#### *Fylkesmannen sin kommentar:*

Vi er godt kjent med at Lygre gard driv økologisk og nyttar utmarksbeite med geit i dei aktuelle områda for skogvern. Vi har også forståing for at ein har trong for å få tydeleggjort deira bruk av utmarka og tema ved forslag til verneforskrift som vert trekt fram.

Dei aktuelle områda for frivillig skogvern i Lygropollen utgjer skogområde og det føreligg ikkje kulturbetinga naturtypar/førekomstar som er avhengig av beiting. Derfor har vi fokusert på dei «naturlege» kvalitetane i skogen i verneføremålet. Vi er også kjent med bestandsauke av hjort og har dokumentert beiteskadar mellom anna på edellauvtre, barlind og kristtorn. Dersom det vert dokumentert at beiting av husdyr/ geit fører til beiteskadar på vegetasjon og endrar artsamansetnaden, vil vernemynde gå i dialog med dyreeigar. Då kan ein saman drøfte omfang av eventuelle beiteskadar, og ha vidare dialog om endra beitebruk og løysingar som kan redusere



beitepresset. Fylkesmannen og dyreeigar vil ha felles interesse ved at ein ikkje ønskjer å forringe beiteressursane i eit framtidig naturreservat.

Statnett har gitt uttale til verneforslag for Austefjorden og Blånuten, Gipeskletten og Steinen. Dei har ikkje anlegg i dei aktuelle områda og har derfor ingen merknader til vernearbeidet.

Meland kommune har i uttale til oppstart ingen innspel eller merknader til skogvern på Gripakletten. Ingen andre kommunar har sendt uttale til oppstartsmeldingane.

### Avgrensing

Forsлага til vernegrense er basert på ønskje frå grunneigarar som har tilbyde areal og dei dokumenterte naturkvalitetane i området. Sjå kart med forslag til avgrensing på naturbase.no. Egedomen, gnr. 35 bnr. 2, sentralt i området Austefjorden og Blånuten, er ikkje tatt med i vernearbeidet fordi det ikkje har vore mogleg å få svar frå eigar om frivillig skogvern. Det er ønskjeleg å inkludere dette arealet i verneområdet seinare om grunneigar ønskjer det.

Som ein ser av avgrensinga av Steinen, er verneframlegget delt i to. Det er fordi det går føre seg ein jordskifteprosess for egedomen i mellom desse to. Også her det ønskjeleg å inkludere dette arealet når eigartilhøve er klare og eigarane eventuelt takkar ja til vern.

### Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er derfor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Turstiar som er i området skal også kunne haldast ved like. Kraftlinjer som går gjennom områda skal kunna driftast, vedlikehaldast og oppgraderast.

### Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan verta så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil Fylkesmannen vurdere innspela og ta endeleg stilling til tilråding av vern til Miljødirektoratet. Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing, verneforskrift m.v. finn du på nettstaden vår <http://www.fylkesmannen.no/vestland>. Her kan du også sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Fylkesmannen ved miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)

### Frist for å kome med innspel er 5. juni 2019

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Grunneigarliste er teke ut i frå egedomsregisteret. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Magnus Johan Steinsvåg  
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Vedlegg:  
Adresseliste  
Kart over områda  
Forslag til verneforskrift

## Adresseliste

Høyringsframlegg av frivillig skogvern for Austefjorden og Blånuten naturreservat, Steinen naturreservat, Gripakletten naturreservat, Steinen naturreservat og Sæteråsen naturreservat. Alle områda er i Hordaland.

Navn	Adresse	Poststad	e-post
Vestskog			
Miljødirektoratet			post@miljodir.no
Fusa kommune			post@fusa.kommune.no
Kvinnherad kommune			post@kvinnherad.kommune.no
Meland kommune			postmottak@meland.kommune.no
Fusa kraftlag			firma@fusa-kraftlag.no
Kvinnherad Energi AS			post@nett.kvinnherad-energi.no
Bolaks AS			bolaks@bolaks.no
Haugaland Kraft AS			post@hkraft.no
Tore Vikane	Ølvesvegen 104	5637 Ølve	
Svein Olav Håvik	Ølvesvegen 1052	5637 Ølve	
Håkon Johannes Sundfjord	Dammane 27	5337 Rong	
Ernst Nordtveit	Inger Bang Lunds vei 17	5059 Bergen	
Åsmund Nordtveit	Sundvorvegen 1640	5646 Nordtveitgrend	
Toril Hjartåker Hauge	Hjartråkervegen 47	5646 Nordtveitgrend	
Hans Lygre	Hjartråkervegen 55	5646 Nordtveitgrend	
Den Weis-Rosenkronske Stiftelse v/Anne Grete Honerød	Baronivegen 60	5470 Rosendal	
Turid Margrethe Glesnes	Markhusvegen 3	5645 Sævareid	
Lars Johan Ditmarsen	Sundvorvegen 277	5645 Sævareid	
Jarle Stølheim	Mjånes 58	5645 Sævareid	
Knut Revne	Sundvorvegen 613	5647 Baldersheim	
Ann Karin Litlabø	Litlabøvegen 272	5417 Stord	
Kjellaug Johansen	Revnavegen 22	5647 Baldersheim	
Baroniet Rosendal	Postboks 73	5803 Bergen	
Eirik Edward Veim	Søre van der weldes 27	5232 Paradis	
Per Eivind Austefjord	Austefjordvegen 814	5646 Nordtveitgrend	



Harald Skage	Hatlestrandvegen 734	5635 Hatlestrand	
Ragnhild Elise Skage	Vestlundveien 23	5145 Fyllingsdalen	
Erling Magnar Boland	Hatlestrandvegen 644	5635 Hatlestrand	
Kjell Aage Ekeland	Hatlestrandvegen 667	5635 Hatlestrand	
Jan Åge Gjerde	Hatlestrandvegen 793	5635 Hatlestrand	
Bjarte Gjerde	Hatlestrandvegen 791	5635 Hatlestrand	
Samson Hjortland	Hatlestrandvegen 856	5635 Hatlestrand	
Helge Hjortland	Hatlestrandvegen 830	5630 Hatlestrand	
Hans Olav Lygre	Lygrevegen 378	5635 Nordtveitgrend	
Helene Olli Solid	Gripavegen 86	5919 Frekhaug	
Rune Gripsgård	Gripavegen 72	5919 Frekhaug	
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181 Oslo	<a href="mailto:info@turistforeningen.no">info@turistforeningen.no</a>
Direktoratet for mineralforvaltning	Postboks 3021 Lade	7441 Trondheim	mail@dirmin.no
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804 Bergen	<a href="mailto:postmottak@fiskeridir.no">postmottak@fiskeridir.no</a>
Hordaland fylkeskommune	PB 7900	5020 Bergen	hfk@hfk.no
Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland			
Fiskeri- og Havbruksnæringsens Landsforening	Pb 5471 Majorstuen	0305 Oslo	<a href="mailto:firmapost@sjomatnorge.no">firmapost@sjomatnorge.no</a>
Forsvarsbygg			<a href="mailto:servicesenter@forsvarsbygg.no">servicesenter@forsvarsbygg.no</a>
Friluftslivets fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157 Oslo	<a href="mailto:post@norskfriluftsliv.no">post@norskfriluftsliv.no</a>
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337 Sandvika	<a href="mailto:post@friluftsrad.no">post@friluftsrad.no</a>
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817 Bergen	<a href="mailto:post@imr.no">post@imr.no</a>
Kommunal- og regionaldepartementet	Postboks 8112 Dep.	0032 Oslo	<a href="mailto:postmottak@kmd.dep.no">postmottak@kmd.dep.no</a>
Kommunenesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon	Postboks 1378 Vika	0114 Oslo	ks@ks.no
Kystdirektoratet	Postboks 2	6025 Ålesund	<a href="mailto:post@kystverket.no">post@kystverket.no</a>
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001 Bodø	<a href="mailto:postmottak@caa.no">postmottak@caa.no</a>
Natur og Ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506 Oslo	<a href="mailto:info@nu.no">info@nu.no</a>
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305 Oslo	<a href="mailto:post@nhoreiseliv.no">post@nhoreiseliv.no</a>
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135 Oslo	<a href="mailto:bondelaget@bondelaget.no">bondelaget@bondelaget.no</a>
Norges Dykkerforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840 Oslo	<a href="mailto:dykking@nif.idrett.no">dykking@nif.idrett.no</a>
Fiskarlaget Vest			<a href="mailto:vest@fiskarlaget.no">vest@fiskarlaget.no</a>
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378 Nesbru	<a href="mailto:njff@njff.no">njff@njff.no</a>
Norges Geologiske Undersøkelser	Leiv Eirikssons v. 39	7491 Trondheim	<a href="mailto:ngu@ngu.no">ngu@ngu.no</a>
Norges handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134 Oslo	<a href="mailto:nhf@nhf.no">nhf@nhf.no</a>
Norges Kystfiskarlag		8380 Ramberg	<a href="mailto:post@norgeskystfiskarlag.no">post@norgeskystfiskarlag.no</a>
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806 Bergen	<a href="mailto:nmf@nmf.no">nmf@nmf.no</a>



Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Mariboesgate 8	0183 Oslo	<a href="mailto:naturvern@naturvernforbundet.no">naturvern@naturvernforbundet.no</a>
Norges Orienteringsforbund		0840 Oslo	<a href="mailto:nof@orientering.no">nof@orientering.no</a>
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115 Oslo	<a href="mailto:post@skogeier.no">post@skogeier.no</a>
Norges vassdrags- og energidirektorat	Boks 5091 Majorstuen	0301 Oslo	<a href="mailto:nve@nve.no">nve@nve.no</a>
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316 Oslo	<a href="mailto:post@bio.no">post@bio.no</a>
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306 Oslo	<a href="mailto:epost@norskbergindustri.no">epost@norskbergindustri.no</a>
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Øvre Vollgt. 9	0158 Oslo	<a href="mailto:post@smabrukarlaget.no">post@smabrukarlaget.no</a>
Norsk Botanisk Forening	Postboks 1172 Blindern	0318 Oslo	<a href="mailto:post@botaniskforening.no">post@botaniskforening.no</a>
Norsk Industri	Pb 7072 Majorstuen	0306 Oslo	<a href="mailto:post@norskindustri.no">post@norskindustri.no</a>
Norsk institutt for Bioøkonomi	Postboks 115	1431 Ås	<a href="mailto:post@nibio.no">post@nibio.no</a>
Norsk Organisasjon for Terrengsykling	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130 Oslo	<a href="mailto:kontakt@nots.no">kontakt@nots.no</a>
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012 Trondheim	<a href="mailto:nof@birdlife.no">nof@birdlife.no</a>
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431 Ås	<a href="mailto:nsg@nsg.no">nsg@nsg.no</a>
Norsk Ornitologisk Foreining Hordaland			<a href="mailto:nof@fuglar.no">nof@fuglar.no</a>
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216 Oslo	<a href="mailto:firmapost@norskog.no">firmapost@norskog.no</a>
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314 Oslo	<a href="mailto:Nzf@zoologi.no">Nzf@zoologi.no</a>
NTNU, Vitenskapsmuseet		7491 Trondheim	<a href="mailto:post@vm.ntnu.no">post@vm.ntnu.no</a>
SABIMA	Postboks 6784 St. Olavsplass	0130 Oslo	<a href="mailto:sabima@sabima.no">sabima@sabima.no</a>
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 Dep.	0033 Oslo	<a href="mailto:postmottak@landbruksdirektoratet.no">postmottak@landbruksdirektoratet.no</a>
Fiskarlaget Vest			<a href="mailto:vest@fiskarlaget.no">vest@fiskarlaget.no</a>
Statens Kartverk		3507 Hønefoss	<a href="mailto:post@kartverket.no">post@kartverket.no</a>
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216 Oslo	<a href="mailto:info@statkraft.no">info@statkraft.no</a>
Statnett SF	Postboks 5192 Majorstua	0302 Oslo	<a href="mailto:firmapost@statnett.no">firmapost@statnett.no</a>
Stadnamntenesta på Vestlandet v/ Kjell Erik Steinbru	Postboks 7805	5020 Bergen	<a href="mailto:post@sprakradet.no">post@sprakradet.no</a>
Universitetet for miljø- og bioteknologi		1432 Ås	<a href="mailto:post@nmbu.no">post@nmbu.no</a>
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020 Bergen	<a href="mailto:post@uib.no">post@uib.no</a>
Universitetet i Tromsø		9037 Tromsø	<a href="mailto:postmottak@uit.no">postmottak@uit.no</a>
Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage	Postboks 1172 Blindern	0318 Oslo	<a href="mailto:postmottak@nhm.uio.no">postmottak@nhm.uio.no</a>
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033 Oslo	<a href="mailto:firmapost-vest@vegvesen.no">firmapost-vest@vegvesen.no</a>
WWF - Norge	Boks 6784 St. Olavs plass	0130 Oslo	<a href="mailto:wwf@wwf.no">wwf@wwf.no</a>

28. mars 2019  
Fylkesmannen i Vestland